



ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 1

JANUAR 1981

31. årgang

Nyttårssalme

omsett frå svensk.

Velsigna være Jesu Namn,
høglova utan ende,
som gav oss kurs til himmelhamn
og sorg til glede vende.
Han nåde til oss sende.
Går vi i tru på himmelveg
hans kjærleik syner steg for steg.
Han sjela vår vil tende.

Kvar kne skal bøya seg på jord
såvisst som og i himmel
for namnet Hans og for Hans ord
i lovsangs englevrimmel,
mens ondskaps åndestimmel
i alt sitt vesen otte bær.
Sjå Jesus Kristus Herren er,
Guds høgre hand i Himmel.

Oss kristne innbyr skriften all
til Jesu namn å ære.
I namnet Hans ein kristen skal
kvar bær til endes bære.
Det skal Hans namn oss lære.
Kvar sorg til song og gråt til smil
på Jesu bod skal snuast til.
Hans namn skal død fortære.

Vår Gud har lova liv og fred
i Himlens høge haller,
for kvar som Jesu namn tilbed
og frelsar Jesus kaller.
Når Guds basuner hjaller
i Jesu namn vi glade går
for tronen frem og trygge står
om jord og himmel faller.

Stå opp mi sjel i Jesu namn
og gjev din Frelsar ære.
Lat Jesus få deg i sin famn
og verge for deg være.
Han deg på vinger bære.
Hans fagre namn er Frelsar stor.
Det står i Herrens eige or'.
Kva kan eg betre lære?

K. R.

Nytt år

Ein mann hadde eit fikentre i vingarden sin. Han kom og leita etter frukt på treet og fann inga», — står det i ein av tekstane på nyårsdag. Orda handlar om Gud og oss. I denne samanlikninga er menneska trea i Guds hage. Og Gud ventar å finna frukt på desse trea. Kva slag frukt? Svaret må vera: Kristenliv til kvardags.

Ved inngangen til eit nytt år er det nokre spursmål det kan vera fruktgjevande å stilla seg sjølv. Kor står eg i forhold til Gud? Korleis har eg nytta Guds nådetid? Spør vi slik, kan det henda vi lyt la dagane i året som gjekk passera revy, den eine nokså lik den andre. Levestandard og økonomi-strev for å halda endane saman tok heile vår tid og Gud vart for det meste burte.

No vil nok Gud både at vi skal ha god og nok mat, at vi skal kunne kle oss bra nok, bo godt nok og ha rimeleg arbeidsdag med rimeleg løn for strevet, men Gud ynskjer ikkje å verta gløymt attom alt dette.

Vårt slektsledd har lært seg eit nytt ord — Velferdsstaten — staten som skal syrgje for at alle dens mennesker har det dei treng i fullt mon og at ingen lid naud. I landet vårt må vi vel sameinast om at vi noke nær har klart å få til denne stat. Det skal vi vita at Gud er glad for. Han er glad for alle rette Velferdsstater, men han gled seg ikkje om Velferdsstaten får ta hans eigen plass i men-

nesket si tilbeding. Vi nordmenn skulle visst sist av alle ha lov å gløyma Han som kom til jord for å lære menneska nestekjærleik og offersinn, — Han som la tilrettes grunnlaget for heile vår kultur.

Tar vi den kristne moralnormen burt frå vårt samfunn, kva skal vi då bygga på? I åra etter den siste krigen har vi lært mykje om dette. Til dømes at det er ein samheng mellom sekulariseringa av heimane og åtferda åt born og ungdom. Der bodet om å heidra far og mor ikkje lenger har noko kristent feste i oppseding og miljø, der vert heilt enkelt korkje mor, far eller samfunn heidra. Moralnormen er vorte burte. Ikring nyttårsskiftet er det vel mange som kjenner tankar som denne: «Det går då ikkje an å gjeva opp alt til skattefolka, — ingen gjer da det lenger. Det ingen veit, har ingen vondt av». Ja, det er kanhende aktuelle påstander ved årsskiftet. Berre mennesker som spør Gud veit at det går an å gjeva opp alt og at ein skal gjera det som er sant og rett. Dette døme frå skattens mynt er eit døme av mange, henta frå samfunnstilhøva våre, eller skal vi segja frå Guds vingard! Det er nemleg i vårt tilhøve til andre menneske — til samfunnet at Gud leitar etter frukter.

Mange i vårt slektsledd har avsett Gud og nektar å stå til ansvar for noko frukt i sitt liv. Det er berre det at Gud lar seg

SLEKTERS GANG

Døpte



ORKLAND

04.01. Lars Georg Opøyen

ORKDAL

30.11. Einar Krokstad

Morten Solbu

Kjetil Salberg

Sigrid Eggen

28.12. Hans Albright Hansen

Siri Solem

Kjersti Heggstad

Maria Lund

Linn Margrete Stokkan (stadf)

04.01. Maria Eikli

ORKANGER

30.11. Kristian Fradet

25.12. Geir Johnny Solvang

28.12. Marte Fritzner Volden

(d. i Lillehammer)

GEITASTRAND

01.01. Brit Randi Grønningen

Vigde



ORKLAND

31.12. Arne Marius Kirkaune og

Tove Torgersen (s.skr. Orkdal)

ORKDAL

01.11. Morten Ødyn og

Maret Katrine Berg (pr.ktr.)

17.10. Tore Husby og

Gunvor Asbøll (s.skr. Orkdal)

ikkje avsette. Gudsnektarar, barnarar, svikarar og folk i hor får ikkje fred. Gud vil vera i tankane deira kvar dag.

Lat oss sjå på slutten av teksta vi tok til med. «Han kom og leita etter frukt på treet og fann inga. Då sa han til vingardsmannen: «Hogg det ned. Kvifor skal det krevja jordplass til inga nytte?» Er Gud forferdeleg når

29.11. Geir Morten Gudvangen og

Oddveig Undheim

27.12. Knut Erling Johansen og

Janne Sissel Gimnes

31.12. Per Blomli og Grete Aunemo

ORKANGER

20.12. Stig Alden og

Karin Margrethe Sandhaugen

27.12. Øystein Rabben og Anita Vik

Jonny Salberg og

Marit Møkkelgård (v. i Rindal)

Døde



ORKLAND

25.12. Anna Kjelgårdsløkk f. 1892

ORKDAL

21.11. Anders Sveeggen f. 1886

25.11. Gabriel Skauge f. 1910

02.12. Ole E. Krokdal f. 1908

Fredrik Fredriksen f. 1924

19.12. Gurine Pauline Grø f. 1929

ORKANGER

12.11. Kristen Torjul f. 1900

14.11. Sverre Thorgaard f. 1916

15.11. Ingolf Røhmesmo f. 1918

17.11. Laurits Aasen f. 1906

03.12. John Morten Haug f. 1944

09.12. Inga Johanne Mikalsen f. 1921

11.12. Einar J. Rømme f. 1922

14.12. Kjeld Stub f. 1903

GEITASTRAND

07.01. Jenny Alvhilde Pettersen f. 1900

han seier dette? Den som år etter år har gjeve nåde over nåde, må ha lov til å venta at nådens tid ikkje er til fånyttas.

Spør deg sjølv: «Kor lenge har eg levd i nådens tid til fånyttas?» 10 år? 60 år? Hugs da at det er på vingardsmannen (Jesus) si bøn at du får stå enda eit år.

K. R.

Orkland menighet

Teen-kveldar

23. jan. kl. 19.30 på Svorkmo Misjonshus. Program ved konfirmantar og andre ungdommar.

6. februar. 5 tidlegare fangar fra Trondheim kjem og fortel om livet sitt og kva Jesus fekk bety for dei.

20. februar. Viser langfilmen: Oppgjer med fortida.

Bibeltime

Onsdag 4. februar kl. 20 på Svorkmo Misjonshus: Prost Rogstad gjev innføring i personlegdomen: Døyparen Johannes.

Vi ønsker alle våre
forbindelser eit
riktig godt nytt år!

Bøndernes Salgslag

Fannrem

Bestill time for fotografering.

Fotograf J. Sødahl

Tlf. 80259

Orkanger

SKOTØY

for hele familien.

Ingv. Solbu etf.

Orkedalsveien 71

7300 Orkanger

MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

7330 Svorkmo

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:

Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkjel

Agnes Singstad

Redaktør:

Kaare Rogstad

Kasserar:

Einar Garberg, 7320 Fannrem.

Postgironummer 3 26 87 29.

Takk for gaver og kontingent.

Ekspedisjon:

Sigmund Gjelsvik, 7300 Orkanger.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo

7330 Svorkmo.



Rønnaug Astri Ødegård

Orkdal menighet

20. - 24. januar

har indremisjonen møteveke i Megarden bedehus. Petter Humstad blir talar. Møta tar til kl. 20.

25. januar

er det fest i Megarden kl. 17. Også her taler Petter Humstad, og på festen vil Ungdomskoret synga.

30. januar kl. 20

har Indremisjonen sitt årsmøte hjå Egil og Gerd Aamot.

1. februar

har Misjonssambandets felleslag sitt årsmøte på Søvassli Ungdomssenter.

9. - 15 februar

har misjonsorganisasjonane og Orkdal sokneråd sin felles møteserie gåande i kyrkja. Det vert møte kvar kveld kl. 20 med unnatak av laurdag — da det ikkje vert noko møte. Hovudtalar vert sokneprest Per A. Sveaas frå Ørland. Kvar kveld vil eit kor eller eit musikklag synga.

18. februar

kl. 20 er det bibeltime i Megarden. Kalls.kap. Sletthajell vil fortelja om profeten Sakaria.

Orkanger Ur og Optikk

Verner Svensson

7300 ORKANGER

Telefon (074) 80 195

OPPFOTOGRAFERING
AV GAMLE BILDER

Gjør familieveggen komplett.
Vi hjelper Dem med dette.

Fotograf Kvarsnes

Plater og musikk-kassetter
stort utvalg i gitarer.

Tlf. 80 356 Orkanger

Ettåringshilsen

Mange vet vel allerede at ettåringen på Svorkmo i år heter Rønnaug Astri Ødegård og er ansatt av Orkland sokn. Kanskje også noen vet at jeg er fra ei bygd i Namdalen som heter Overhalla (må bare få presisere at jeg er trønder — det sårer mitt varmt bankende trønderhjerte å bli tatt for å være nordlending!). For å si enda litt mer om meg selv; jeg ble ferdig med gymnasiet i vår og er 19 år.

Ettåring, ja. Etter snart halv-gått tjeneste skjønner jeg fremdeles ikke riktig dette at jeg er ettåring. For hadde det vært opp til meg, hadde jeg nok aldri vært på Svorkmo i år. Jeg hadde nemlig ikke lyst til å bli ettåring, og tenkte at det vel kunne passe for andre, men ikke for meg. Men Guds planer går noen ganger på tvers av det vi mener; det ble slik at jeg havnet på Svorkmo.

Og det har jeg ikke angret på! Dette har vært en lærerik og god tid der jeg har fått merke Guds storhet, styrke og omsorg. Samtidig som jeg har lært mye i det arbeidet jeg gjør, har jeg også lært noe om det å ta Gud på ordet og gå ut på løftene; Herren kan gjøre store ting når vi våger å satse på Ham. Dette, sammen med vissheten om at Gud har

plassert meg her, har gitt meg en veldig trygghet og fred når jeg synes det har gått tungt og jeg har ønsket meg 100 mil vekk fra Svorkmo.

Trenger jeg å si at jeg liker meg her? Jeg trives virkelig. For meg som kommer fra et sted med svært få kristne, er det godt å kunne være med i et så stort søskenfelleskap. Må det bare ikke virke sløvende.

Dessuten trives jeg med jobben — og det skulle jo bare mangle når jeg får gjøre det jeg har lyst til! Oppgavene mine går ut på å arbeide med yngres, meiseringen, bibelgruppa, tenkvelder, holde andakter på ungdomsskolen, litt konfirmantarbeid, søndagsskole og eldrebesøk. I tillegg til dette kommer div. småoppgaver rundt om.

I forbindelse med arbeidet mitt har jeg mer og mer funnet ut at det er spennende å være kristen; det er spennende å se hvordan Gud arbeider mellom oss, i oss. Og det er spennende å se hvordan Gud bruker meg, deg, oss i arbeidet for Det glade budskap. Han har gitt oss alt vi trenger i dette arbeidet — det er bare for oss å begynne å praktisere det. I denne forbindelse vil jeg gi videre marsjordren jeg fikk da jeg begynte som ettåring; Jesaia 12: «Gjør hans (Herrens) gjerninger kjent blant folkene, forkynn at hans navn er opphøyet! Syng for Herren for han har gjort storverk, la det kunnngjøres over hele jorden! Rop av fryd og jubel dere som bor på Sion! For Israels Hellige er stor, han er midt i blant dere.»

Såg si grav og lo.

Det er Brorson som i ein salme gjev dette vitnemål. Hjarte i meg lær når eg ser mi grav. Mange vil om dette seie. Det er utruleg og umogeleg å ha slikt syn på si eiga grav. Den nemde salme er nr. 250 i Sangboken, og der fortel Brorson kva som er grunn for at han kan læ ved si eiga grav. Guds son han gjort meg fri frå satans tyrani. Fra syndestand. Fra dødens skrekk og helvedbrand. Når det gjeld dette å ottast for død og grav, så må vi kome i hug at satan bruker denne otte. I Hebr. 2 - 15 les vi. Satan hadde fått fylle dei med otte for døden, så dei var i trældom heile livstida.

Vi må ha klårt for oss at kvar og ein som lever eit rett kristenliv er todelt. Ein har otte framleis og kjem til å ha det så lenge vi lever på jorda.

Det gamle menneske. Det er i det gamle menneske at otten for

døden vert plassert. Har det gamle menneske stort rom, så vil og dødsotten verte stor og dominerande. Har det nye menneske stort rom, så vil ein ha det som det som det er skildra i Fil. 1 - 21 - 25. Då ser ein det som ei stor vinning å få fare her frå og vere med Kristus, for det er så mykje betre. Kom i hug, sa sjelesørgjaren at døden er den døra som Gud let opp, så du skal få kome inn i hans herlegdom.

Om spørsmålet no er: Korleis skal eg fare fram for å verte fri for den store døds otte eg har? Da lyt ein i bøn til Jesus fortelle han om den store otte ein har for døden, og be han frie deg ut av den trældom som det er å gå med dødsotte. Den som so gjer, vil oppleve at det blir utfriing slik ein les om det i Hebr. 2 - 15.

Ludvig B. Aasen

Smått om mangt

Bibelen stadig på topp

Den boka som vert omsett til flest språk i verda, er stadig Bibelen. Det kan ein sjå i UNESCO-statistikken.

Siste utgåva av UNESCO-katalogen over nye omsetjingar gjer ikkje krav på fullstendig oversikt over nyomsetjingar, men gjev eit godt bilete av tilhøvet i toppen av internasjonalt vid-spreidd litteratur.

I katalogen kan ein sjå at 30 land, fekk ny bibelomsetjing. Same året kom Shakespeare i omsetjing i 29 land, medan Marx og Dostojevski båe vart registrert i 26 land.

Katalogen har teke med 13 forfattarar som vart omsett i 20 land eller meir.

Åtte minutt om dagen

Gjennomsnittsnordmannen nyttar åtte minutt om dagen til boklesing, synte ei meiningsmåling.

Ein kan tru kva ein vil om slike undersøkingar. Resultatet er i alle høve tankevekkjande, særleg om ein jamfører med eit anna resultat: Det same gjennomsnittsmennesket sit dagleg ein og ein kvart time framfor fjernsynet.

Før i tida kalla ein alvorlege kristne

for «lesarar». Ein kunne ynskja at namnet framleis vart nytta som eit heidersnamn for kristne. Bibellesing gjev dagleg mat for kristenlivet.

Ein kan saktens trenga god og solid næring. Som ei prøve kunne ein sjå om det ikkje vart litt ut av dei gjennomsnittlege åtte minutta, om ein nytta dei til bibellesing.

Medan klokka tek til å tikka, blar vi opp i Johannes 10 og les «Eg er døra» og «Den gode hyrdingen» — noterar at to minutt er brukt — held fram i Lukas 8, les heile Sámannslikninga — to minutt der og — slår opp i Romarane 8, les jamt og roleg om «Livet i Anden» fram til vers 17 — to og eit halvt minutt — og får endå tid til å lesa 1. Johannes brev, fyrste kapitlet, før dei åtte minutta er gått.

Åtte minutt om dagen — kvar dag! — kan vera ein god start, for det kan føra til at ein vert ein «lesar» før ein veit av det!

Kor og orkester

takker bygdefolket for god opplutning om julekonserten 1. juledag.

Til sjukehusaksjonen kom det inn kr. 4.768,—. Eit fint resultat.

Eldbjørg Kråkenes

Gåver til bladet

17. - 31. oktober 1980.

7300 Orkanger:

Frida og O. Rostad 30. Ragna Sletvold 40. Sigrid Trønsdal 40. Leif Løseth 25. Olga Vuttudal 25. Birgit Henden 20. I. S. Solbu 20. Ingvald Monsen 20. Ingeborg Øyum 50. Arne Grønset 30. N.N. 50. Magne Staveli 50. Johanna Ve? 20. Johanna Eggan 20. Kari Sæthre 20. Solveig Olsvik 20. Jorunn Eggen 40. I. Str. 30. Eli Hagertrø 50. Lars Svinsøy 20. Anne Nygaard? 20. Mille Bakken 20. Astrid Ustad 20. Ingrid Størseth 20. Mary og Per K.? 20. N.N. 20. Anne Hoel 20. Margit Bach 20. Toril og S. Haugnes 20. Agnes Hansen 20. Anna Nærvik 25. Ingeborg Soligård 25. Sverre Solligård 25. S. Teigseth 25. Sigrid Wiggen 25. Asbj. Olsvik 25. Steinar Nervik 25. O. Lorentzen 30. M. Mathisen 30. Margit Røhme 30. Lilly Solheim 30. Birger Sletvold 30. Ingv. Dahl 30. R. og B. L. 30. Olav Metli 50. Sigrid Evjen 10. Olga Leinan 10. Dagny og P. Korsli 100. Helene og J. Asphjell 40. Brit Elin Middtømme 40. Marie Kjønl 25. Ida Tungen 20. Ingebr. Exli 20. Berit Larsen 20. A. Lillerønning 20. Magnhild Solbu 20. Anne Krokdal 20. Anna Tretøy 20. Anna Gaupties 20. R. O. Finstad 30. J. Ø.? 30. Bugge 50. A. og I. Evjensvoll 20. Berit Heen 40. Kirsten Wormdal 25. Albert Mjøen 30. Margit Høvik 30. Ola Heier 30. Solfrid Nyberg 30. Klingen 30. Marit Solbu 30. Jenny Berg 25. Roald Drabløs 25. Anne Melingsæter 40. Margit Fagerholt 25. Annette Hansen 40. Jens Singstad 50. Harald Hersdal? 50. Elfrida Svorkmo 20. Olaf Våtland 30. Egil Pedersen 50. Hanna Vårum 20. Astrid Steen 20. A. og I. Auran 20. Eugen Skinstad 20. J. og K. Nærvik 20. Eli Fosseide 20. A. og K. Sætre 25. Anna Svee 20. Karen Dalen 20. Anne Togstad 20. Ingrid Ustad 20. Alison Evjen 10. Berit Meslo 10. Berit Lykken 20. Else Ebbesen 15. Alf Dalø 20. Margit Wangen 10. Kristine Leveraas 20. Anna Sporildnes 20. Marry Sneve 50. Ole Kattem 20. Turid og K. Munkvold 25. Ellen Johansen 25. Andrev Olsen 25. Ingeborg Leknes 25. Ellida Johansen 20. Arne K. Togstad 20. Johanne Haugnes 20. Marit og I. Lien 20. Peder Mælen 20. Erling Slupphaug 20. Ragna Sletvold 20. Serine Reitan 20. Hjørdis Fiskum 20. Marit Asphaug 20. Jan Trønsdal 20. G. og I.

Framh. s. 6

JORDEN ER HERRENS

I Salme 24 står det: «Jorden og det som fyller den, verden og de som bor i den — alt hører Herren til.» Dette er et viktig utgangspunkt. Hele skapningen er og forblir Guds eiendom, noe som vi har fått å forvalte med et dypt ansvar for naturen selv og for kommende generasjoners livsmuligheter. For all skapningens skyld er det nettopp idag på sin plass å tørke støv av den første trosartikkel, og igjen begynne å betrakte Skaperen og hans verk med den rette ydmykhet. Dette får selvsagt konsekvenser for vår livsførsel: Vi må på ny la oss rettlede av det gamle ord i Ord spr. 30, 8: «La meg ete mitt TIL-MÅLTE brød!»

Temagudstjeneste i Orkdal.

Nettopp dette ordspråket er tema for gudstjenesten som blir holdt i Fannrem kirke onsdag 28. januar kl. 20.00.

10. P. Asphjell fortel frå krigstida

Skrivedag var alltid ein søndag. Palmesøndag, den 2. april, fekk eg for første gong skrive brev heim. Eg fekk utlevert ein konvolutt og eitt enkelt blad skrivepapir. Arket var linjert på både sider med marg. Det var nok utrekna at me skulle skrive minst mogleg. Og eg som hadde så mykje på hjarte. Det var så mangt eg skulle ha gjeve råd og rettleiing om i samband med gardsdrifta. Sist kona og eg tala saman på Dombås, hadde me drøfta å sette bort garden til einkvan på åremål, så kunne ho og borna flytte til slekta nede i bygda. Nå var det snart våronntid, og eg visste ingen ting. Eg fann ut at det var svært lite det eg kunne seia om planer for våren, når det galdt drifta. Eg sa i allefall frå at dei måtte ikkje avhende garden. Elles prøvde eg å skildre det livet me levde så lyst som mogleg. Eg rekna med at dersom eg skreiv noko lastande om tilværet vårt, kom kanskje ikkje brevet dit det skulle.

Eitt kunne eg i allefall seia med sanning: Livsmotet og humøret var så bra som det kunne vera på ein slik stad. Me fekk skrive på norsk, og eg tykte eg fekk pint på mykje på det vesle arket. Eg skikka det avgarde med ei stille bøn om at det måtte koma fort og velberga fram til dei heime.

Åtte dagar seinare, påskedagen, fekk eg endeleg det første brevet heimanfrå. Det var langt frå nokor fersk tiend. Kona mi hadde skrive det ein av dei siste dagane i februar, men det var overlag kjærkome for det. Gjekk det no berre like godt med det eg hadde sendt.

Brevet heimanfrå synte at det hadde vore åpna og etterset. Det var stemp-la med den tyske ørn og «Überkomando der Wehrmacht» rundt ikring, samt ordet «geöffnet» med store bokstaver. Over båe brevsidene var det drege ei brei lyseblå stripe som etter ei flaskekork duppa i blekk. Det var ein kemisk-teknisk prøve som skulle syne om det var skrive noko med usynleg blekk på arket. Alle brev til og frå fangar vart granska på denne måten. Det var slikt dei sat og hefta seg bort med, så breva kom fram vekevis forseinka.

Etter at sambandet no var kome istand, og dei heime visste kvar vi var, kom det ofte brev. Eg fekk og vite at dei heime tenkte å prøve med matpakkar.

Det viste seg at det var ikkje så strengt med seksvekersfristen når det galdt å få brev. For oss fangar var det likevel strengare. Eg fekk ikkje skrive neste brev før 21. mai. På denne tida var eg saman med John Ler, ein kar frå nabodalføret som sat for same «brottsverk». No høvde det slik at me ikkje hadde same skrivedag. På den måten kunne me sende helsingar i breva åt kvarandre, slik at konene våre kunne melde frå seg i millom. Denne ordninga sette me alle stor pris på.

Det dukka opp eit anna høve og for meg. Til mi store undring fekk eg vite at millom dei hundrattals fangane i fengslet, fans det jamvel ein sambygding. Det gjekk slik til. På den tid delte eg selle med ein oslokar, Arne Sletner. Da han hørde at eg var frå Orkdal, sette det tankar i sving hos han. På ein utekomando

i Haselmoor, hadde han vore saman med ein ung norsk fange som han meinte var frå Orkdal. Namnet var Øyen, eit namn som fins fleire stader i Trøndelag, også i nabolaget heime. Når han fortalte det han visste om oppvekst og familieforhold til karen, vart eg fort klar over at det var Erling Øyen frå nabogrenda heime. Eg hadde ikkje sett han sidan han var gutonge, men eg visste vel av han. Oslomannen lova å peike han ut for meg, når me stilte på apellplassen morgonen etter.

Eg såg straks at det var han eg meinte, og eg må segje det var underleg å få visse om at eg hadde ein nabo så å seia i nærleiken under desse omstende. Verda vart med ein gong så mykje mindre, og eg kjende meg ikkje så langt heimanfrå lenger.

Me hadde kvar vår arbeidsplass, men det varte ikkje lenge før me fekk kontakt med kvarandre. Det skjedde i luftegarden. Alle som ikkje hadde utarbeid vart sendt dit no og a. Der måtte me gå rundt etter ein stig i ein stor runding med ti-tolv steg millom kvar mann. Langs med stigen stod det vakter med høvelege millomrom. I lukene millom vaktene kunne me stele oss til å snakke med einannan. Når me var på ein slik luftetur, var det alltid Erling som, på ein utspekulert måte, sytte for at me kom etter kvarandre i ringen. Det var skoreimene hans som kom så i ulage. Han måtte rett som det var legge seg ned på kne ved sida av stigen og rette på dei. Når dette hadde gått for seg nokre gonger, hadde han kome slik til at han kunne smette inn i ringen, der eg gjekk. Så bytta me helsingar, så mor hans kunne få tidend med breva mine og kona mi med breva hans.

Framhald.

Gaver til menighetsbladet

(Framh. frå s. 4)

Gangås 100. G. S. 50. S. Sandgrind 50. Oddrun Metliaas 50. Dordi Skjenald 20. Johanna Haug 30. Bjarne Krogstad 30. Astrid og A. Røhme 30. Andreas Husdal 30. S. Sæther 20. I. og A. Karl- sen 20. K. Larsen 20. Emmy og Einar Holt 25. Osvald Eggen 30. Henry Sand- grind 25. Kristine Mogseth 25. ? 20. Sylva og J. Bach 40. Karen Swenson 20. Per Aandahl 25. Ragna og J. Dahlø 50. Erling Bye 50. Arvid Lodgaard 40. Asbjørn Gumdal 30. Gudrun og L. Fos- sum 30. Sverre Kvernmo 20. Martha Evjen 15.

7310 Gjørme:

Trygve Hansen 20. Lovise Rømmesmo 20. Gjørme skole 50. Kristen Hukkel- ås 20. Anna Skjenald 20. Gunnvor Sletvold 20. Kjell Landrø 20. Anna Reitan 20. Gurine og O. Reitan 30. Aage Garberg 100. Signar Brevik 20. Einar Kjøren 20. Ester Husby 50. Leif Meland 20. Karen S. Meland 20. Magn- hild Tungen 20. Marit Kvakland 50. Arnfinn Dørdal 30. Kari J. Reitan 20. I. og B. Sletvold 25. T. Sletvold 25. Jens Reitan 20.

7320 Fannrem:

Jorunn Solem 100. Erika Gjønnes 100. A. Ljøkeløy 25. John Solhusmo 25. Hildur Haltli 20. Asta Fossum 20. Morten Snøsen 20. I. og M. Snildal 20. Johanna Snildal 20. Klara Sundli 20. Bjarne Bjørndal 20. I. Kroksæter 50. Erling Aarvik 50. Marie Sundli 50. Nelly og O. Morken 50. Myrbakken 50. Karl Eggan 50. R. Kråkenes 30. Marie Digerås 30. J. og O. Aunemo 30. M. Lomundal 30. Johan Meås 30. Inge- borg Rye 30. Sigrd og K. By 30. S. Røhme 30. Ellen og J. Sommervold 20. Anne Hansen 20. S. Th. 20. Nanna Solem 20. Berit Ustad 40. Tordis Tu- flått 50. Lava Mogset 25. K. O. Erland- sen 30. Marie Sommervold 30. Erling Løseth 30. Margit og H. By 30. Odd P. Reiten 30. M. og Sv. Gjønnes 30. John O. Forvemo 30. B. og O. Grøn- ningen 30. R. A. S. 100. A. og A. Ekli 20. Lindsetmo 20. Oline Otervik 20.

SØVASSKJØLEN
FJELLKIRKE

postgiro 3675436 GJØLME.
EI KIRKESAK FOR ALLE
I ORKDAL.

Anne Lilleng 20. Ingeborg Grø 30. Egil Aamot 25. Bj. og B. Sommervold 25. Marit og R. Alver 25. E. og O. Gjø- nes 50. Kjell og B. Englökk 50. H. P. Melbye 50. Sjømøling 50. Gudrun og O. E. Sundli 30. Randi og J. Oddan 20. Solbjørg Stub 20. Signe Blåsmo 20. Gunnar Pettersen 20. Odd Metli 25. Laura Sundli 25. Fredrik Togstad 25. T. Fandrem 30. Ole Almlil 30. Martinus Aasbø 30. Martin Hansen 30. Sivert S. Gjønnes 30. O. Gammelløkk 30. Sigurd Kvaale 50. Marie Skjøberg 40. Hildur Høyenes 10. Jorunn Almlil 50. Berit Met- lid 30. Dordi og L. Fandrem 100. Ragna Onsvien 40. Peder Løset 25. Turid Jenssen Grøttem 25. Sivert Metlid 25. Odd Larsen 25. Anna Noremsaune 20. M. og M. Kroken 20. Karen Groven 20. Alida Meås 20. Karen Blåsmo 20. Anne og T. Dalen 20. Ragnar Gjønnes 50. Ole Fossbakk 50. Peder Stokkan 50. Marit Mo 50. Pauline Bjørkøyli 50. Leif Sundli 30. Jostein Fagerholt 30. K. H. Skaugen 30. M. og I. Hollum 30. Ellen og Roald Steinshaug 30. O. F. Singstad 100. A. Hovde 20. Martha Rekstad 20. Gjertrud Ustad 20. S. og M. Duesten 20. Marit Kvaal 50. Sigurd Eldevik 100. Helene Langås 30. Ashild Fagerli 30. A. og E. Sølberg 40. Jarle Bratlie 50. Lina og E. Grøseth 20. Anne Wold 20. D. og J. Almlil 20. Magnhild Kurås 20. Torkel Hallien 25. Astrid Øyum 35. AGS 50. Egil og E. Kvak- land 50. Agnes Sommervold 20. G. Lø- seth 20. Mali Lervik 50. G. Bakksæter 30. Berit Tufliat 25. John Semundseth 30. Rolf Høyven 60. Dagny L. Kvam 25. Johanna Meås 40. S. Aagot Akseth 25. M. og J. Hukkelås 50. Ole Granlie 50. I Opøien 30. Eldbjørg Kråkenes 50. O. Hallen 50. Ole Svorkdal 30. Aa. Alstad 50. Tora Hagen 50. Sigmund Ustad 50. Marie Kvernød 40. Randi Sveeggen 50. Jøstein Berg 30. Andr. Koksæter 30. L. S. 20. Morten Andøl 50. T. B. 50. Hege Thoresen 25.

7323 Asbjørnslettet:

Arne Melås 50. S. Sæterbakk 50. Gun- nar Melås 50. Framh. neste nr.
Hjarteleg takk!

Bøker Leketøy Papir
DameveskerNik. Konstads
Bokhandel

7301 Orkanger

Orkanger Gartneri

Orkedalsvegen 10

Inneh. Oddny Blomli
Tlf. 80 348

Alle sorter blomster til alle slag
anledninger. Kistepynt utføres.

Kjolen
finner De hos

Dagny Korsli A.s

BARDSHAUG
Tlf. 80 395

Trelast og bygnings-
artikler på lager.
Gunstige priser

Orkdal
Sag & Høvleri

Tlf. 82265

SØLVVARER

til
BARNEDÅP BRYLLUP
KONFIRMASJON
Gullsmed

7300 Orkanger

Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det
gjeld trykking av blad, tids-
skrifter, forretningstrykk
m.m.

Telf. og post: 7330 Svorkmo.

BARNETEIGEN

Den fyrste
blyanten min

A eige ein blyant det er ingenting
no for tida. Kven som helst kan skaffe
seg ein slik ein, når han treng det.
På skulen eller i butikken er et nok
å få.

Men slik var det ikkje i min barn-
dom oppe i den einslege fjellbygda
der heimen min låg. Eg hadde ikkje
sett ein blyant før eg var skuleg-
amal, langt mindre ått eit slikt vid-
under.

Kva eg så greidde meg med? Jau,
me hadde tavle og griffel. Den fyrste
tavla mi laga eg sjølv av ei skiferhelle.
Med ei gamal, utbrukt høveltonnskra-
pa eg hella slett og fin. Kjøpte så ein
griffel på krambua (til 2 øre). Og der-
med hadde eg skrivesaker som vara i
lang tid. Då eg byrja på skulen, fekk
eg meg ei fin kjøpetavle med tre-
ramme rundt. Men den sjølvgjorde
tavla greidde seg lenge den og heime.
Kjøpetavla slapp eg så dragsa heim
og på skulen kvar dag.

Desse tavlene var hendige og greie.
Dei vara så lenge det skulle vera. Det
var berre å skrive og stryke ut att og
skrive ånyo. Heile mi tid i skulen nytta
me ikkje noko anna til rekninga vår.

Men det var blyanten eg skulle for-
telja om.

Det hende seg ein dag at det kom
skrepperekmar til gards. Dei kalla han
Karl Svenske, ein lang, mørkdemd kar.
Og han hadde mykje rart i kofferten
sin, kan du tru. Det som eg fekk mest
hug på, det var ei dokke og — ein
blyant. Den vesle dokka var ljoskledd
og ven, rett ei stasdokke laut det
vera. Eg hadde ikkje sett noko anna
enn heimegjorde filledokker, så denne
dokka var ven som ein sommardag
mot dei.

Dokka var ven, ja. Men for det eine
så høvde det lite for ein gut å leike
seg med dokker. Og dinest så var ein
blyant vel så gjev, tykte eg. Eg syn-
test ikkje at eg kunne la han gå frå
meg. Anne, farsyster mi, rådde meg og
til å ta blyanten. Og då eg høyrde at
han ikkje var dyrare enn at eg makta
kjøpet, men at dokka tvert imot var
noko dyrare, var avgjerda grei. Eg var

stad fann fram pengar og kjøpte bly-
anten. Han kosta 5 øre.

Og dermed var eg ein av dei få i
bygda som åtte min eigen private bly-
ant! Det var ikkje lite vera kry over.

Eg hugsar enno så vel denne fyrste
blyanten min. Ha var rund og svart-
lakkera, og det fylgde ei framandsleg
lukkt med han. Og så lett og fint som
han skreiv. Han var mykje betre å
skrive med enn penn og griffel. Men
det leie var at han øydest og minka
mykje fortare enn ein griffel. Han laut
kvessast når ein hadde brukt han eit
bel. Og med sorg la eg merke til kor-
leis han stutna og vart mindre etter
som tida gjekk. Han vara ikkje æve-
leg.

I lang tid trudde eg at alle blyantar
var slik som min; svarte, runde og
akkurat så mjuke å skrive med. Men
seinare auka kunnskapen min om bly-
antar meir og meir. Det kom blyantar
på krambua, og dei var sekskanta med
gul og svart lakkering. A. W. Faber
nr.2 stod det på dei. Så laut det vel
og finnast blyantar nr. 1 og 3? Og
med tida skjona eg at det var skilnad
på mjukleiken og at numret hadde
med det å gjera.

Såleis voks kunnskapen min om bly-
antar. Innhaldet i ordet og omgrepet
«blyant» vart større og rikare. Og slik
merka eg det var med all kunnskap.
Det var liksom inga grense oppetter.
Nye røynsler kom til etter kvart. Kun-
nskapsverda auka i vidd og rikdom
meir og meir. Og det gjekk opp for
meg til slutt at ho var endelaus. Bort-
om stjernene var det atter stjerner.
Det fanst inga grense. Og hadde ho
funnest, så ville tanken spørja kva
som er bak grensa att.

Då eg var smågut, drøymde eg store
draumar — som vel alle smågutar
gjer. Det sa seg sjølv at som vaksen

Løysing på tippeoppgåva side 9
i julenr..

1	x	2
	x	
	x	
		2
1		
1		
		2
		2
	x	
1		
		2
1		

kar laut eg koma dit at eg visste alt
som var å veta, og skjona alt som
fanst i verda. Anna ville vera skam
for ein vetug mann. Men slike stor-
domstankar må før eller seinare gå
overstyr. Og ein lærer at det tvert
imot er svært lite ein kan makte å
forstå, berre ein ørliten brøkdell av
det ein hadde tenkt, berre ein liten
fleck av den store, vide allheimen.

Men dette har ein godt av. For når
ein vert noko mindre i seg sjølv, så
blir Gud større, som har skapt alt.

Og endå verdfullare er ein annan,
men tilsvarande lærdom som Guds ånd
kan lære oss. Det er ikkje berre kun-
skapen og vetet som ikkje rekk til.
Heller ikkje viljen vår rekk til der han
skulle. Me kjem til kort med alle våre
verk, når Gud kjem og legg sin mæle-
stav på dei. Men då — når alt liksom
går i stykke for oss og me veit oss
inga råd — kan det bli stort for oss
at me har ein frelsar i Jesus Kristus.
Hans verk rekk til — til vår frelse!

O. R.



VELKOMEN TIL KYRKJA

25.1. 3. s. e. Kr. Apenb. søndag

— Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v. spr. Olsen. Nattverd. Offer til Søndags-skolearb.

— Orkanger k. kl. 11. Høgmesse v. prost Rogstad. Offer til menigh.arb.

28.1. kl. 20

— Orkdal k. Temagudst. «Samling om skaperverket». Prost Rogstad — res. kap. Wikse m. fl. Offer.

1.2. 4. s. e. Kr. Apenb. søndag

— Orkanger k. kl. 11. Høgmesse v. spr. Olsen. Nattverd. Offer til Søvass-kjølen fjellk.

— Geitastrand k. kl. 11. Høgmesse v. prost Rogstad. Offer til Menighetsarb. Buss frå Råbygda.

— Stokkhaugen bedehus kl. 11. Guds-t. møte v. kalls. kap. Slettahjell.

8.2. Vingards søndag

— Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v. kalls. kap. Slettahjell. Nattverd. Offer til Menighetsarb.

— Moe k. kl. 11. Høgmesse v. spr. Olsen. Nattverd. Offer til Santalmisj.

15.2. Sømmannssøndag

— Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v. felt-prest Harald Hjelmbrække Eintveit. Offer til kristent soldatarbeid.

— Moe k. kl. 11. Høgmesse v. stasjons-prest Torgeir Liasjø og spr. Olsen. Nattverd. Offer til kristent soldatarb.

— Orkanger k. kl. 11. Høgmesse v. marineprest E. Ørum og kalls.kap. Slettahjell. Offer til kristent soldatarb.

— Geitastrand k. kl. 11. Høgmesse v. stasjonsprest Magne T. Furusest. Offer til kristent soldatarbeid. Buss frå Husdalen.

HELGAVAKT

24. - 25. januar Olsen

31. jan. - 1. febr. Rogstad

7. - 8. februar Slettahjell

14. - 15. februar Olsen

PRESTEKONTORET — BARDSHAUG

Apent tirsdag — fredag kl. 10 - 14.
Tlf. 80 000


Prestane privat:

Prost Rogstad 82 142

Spr. Olsen 87 536

Kalls.kap. Slettahjell 80 589

BARNETEIGEN FRAMHALD



KRYSSORD- OPPGAVE.

I 1 loddrett var det en 7 loddrett som hette 5 loddrett. Nå kom han opp i 11 loddrett, drevet av 9 loddrett. Da foreldrene kom med 1 vannrett, tok han det på sine 8 loddrett, priste 4 loddrett og sa:

H ----, la nå din ----- få fare herfra i f ---.

For mine øyne har ---- din f ----- som du har tiltenkt alle f -----

Et lys til å skinne for h ----- og en herlighet for I -----, ditt f ---.

Løsning i neste nr.

Helårs-
trim



A. Todals
Eff.

Tlf. 80 278
Orkanger.